

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 26.03.2025

Vår ref.: 202312434-3 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.:

Høring av forespørsel om vurdering av konsesjonsplikt for rehabilitering og utviding av Oterholtfoss kraftverk i Skiensvassdraget i Midt-Telemark kommune, Telemark fylke

NVE har fått ein førespurnad frå Telemark Energi AS om vurdering av konsesjonsplikt for rehabilitering og utviding av Oterholtfoss kraftverk. Førespurnaden blir no send på høyring med høyringsfrist 20.05.2025.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at det krevst kunngjering og brei offentleg høyring. Førespurnaden om vurdering av konsesjonsplikt blir derfor berre send på høyring til Midt-Telemark kommune, Telemark fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.

Kva det ønskes vurdering om

NVE har fått ein førespurnad frå Telemark Energi AS, datert 06.07.2023, om vurdering av konsesjonsplikt for å rehabilitere og utvide Oterholtfoss Kraftverk ved å byggje ny vassveg med nytt inntak og ny kraftstasjon. Dagens inntakskanal og avløpskanal er planlagd rehabilitert og det blir søkt om å auke slukeevna frå 5 m³/s til 7,0 m³/s. Oterholtfoss Kraftverk får ein installert effekt på 1,3 MW og kraftproduksjonen i det nye kraftverket blir 10,9 GWh i eit gjennomsnittså. Dagens slipp av minstevassføring på ca. 2,0 m³/s heile året, blir auka til 2,6 m³/s. Gjennomsnittleg vassutnytting i Oterholtfossen vil auke frå dagens 14,4 % til 28,1%. Førespurnaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9146/v.

Førespurnaden skal behandlast etter vassressurslova § 18 og vurderast etter §§ 8 og 10 i same lov. NVE skal på bakgrunn av førespurnaden vurdere om tiltaket gir skade og ulempe av slik betydning for allmenne interesser at det oppstår konsesjonsplikt etter vassressurslova.

Kva vi ønskjer fråsegn om

NVE ønskjer tilbakemelding på om kjende allmenne interesser blir ramma av tiltaket, som til dømes friluftslivsinteresser, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. Vi ønskjer også informasjon om planstatus, status i forhold til vassforskrifta, eksisterande vassuttak eller andre aktivitetar i vassdraget. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg.



Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9146/v)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer (202312434) i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202312434 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende uttale er

20.05.2025

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Mottakerliste:

STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK
Midt-Telemark kommune
TELEMARK FYLKESKOMMUNE

Kopimottakerliste:

TELEMARK ENERGI PRODUKSJON AS
Bystøl AS - Vik i Sogn - Jens A. Melheim